



Kjetil Ingvaldsen hadde nokre herlege saxsoloar, her saman med vokalist Erik James Anderson.

Fyrste klasse frå James 1 st.

Herlege Dire Straits låtar og imponerende instrumentale opptredingar fylte Storsalen i Ingebrigt Davik-huset under konserten til James 1 st. sist fredag.

Evvy Skarvøy Lien
evy@haramsnytt.no

Konserten til James 1 st. ved Ingebrigt Davik-huset fredagskvelden var meint som ein hyllest til eit av englands største rockeband frå slutten av 70-talet. Dire Straits var førebilete for mange musikarar verda over, og dette var James 1 st. sin måte å hylle dei gamle heltane på. Det sette publikum heilt tydeleg pris på.

Nesten fullt hus

Inne i storsalen var det benka opp med langbord, og det var ikkje mange ledige setene att då trommis Bjørn Skjelten kom på scena for å ynskje velkommen til ein kveld med spekka med pop og funk-rock, samt gode gamle Dire Straits låtar.

James 1 st. låtar

I fyrste del av konserten presenterte James 1 st. fem av sine eigne låtar. «Happens all the time», vart etterfølt av



James 1 st med Bjørn Skjelten på trommer, Kjetil Ingvaldsen på saxofon, Erik James Anderson på vokal, Ketil Strand på gitar, Lars Øverås på bass, Kjell Myklebust på tangentar og Sten-Erik Holstad på gitar, heldt ein knallkonsert ved Ingebrigt Davik-huset sist fredag.

«Nothing you can do about it» før den verkelege go`biten «Virus» kom, med rå tromme-intro frå Bjørn Skjelten. Siste låt ut før pause var «Round about».

Brothers in arms konserten

Etter pausen kom bandet på

scena for å gje publikum «Brothers In Arms - A Tribute To Dire Straits». Med så mange ihuga Dire Straits blodfans som publikummarar skal ikkje vi prøve å overgå ekspertisen på noko område, men konkludere med at James 1 st spelte så du skulle tru det var sjølvaste rockekongane

som stod på scena i kulturhuset sist fredagskveld. Responen frå publikum tyda på det same. Det var tett mellom klappesalvene.

Nydeleg instrumental opptreding

Kjetil Ingvaldsen trakterte saken sin som reinaste Kenny

G, og Kjetil Strand hadde nokre nydelege flotte gitarsoloar, spesielt under «Brothers in arms». Siste nummer var ei rein instrumental klasseopptreding. Fantastisk bra!